



Forsand kommune

INFORMASJON FRÅ LANDBRUKSKONTORET Januar 2012

SØKNAD OM PRODUKSJONSTILSKOT

Utbetaling av tilskot for søknadsomgang august 2011 blir onsdag den 08.februar. For dei søkjarar som har eit eller anna feil må me diverre handsama ei manuelle utbetaling. Dette vill skje så raskt som mogleg etter normal utbetalingsdato.

Du gløymer vel ikkje at det er tid å søkja produksjonstilskot og avløysartilskot seinast fredag den 20.januar? Du som tidligare har oppgitt mobilnr får ei puring på telefon ca 7 dagar før fristen.

Ta kontakt med landbrukskontoret om du får problem med for eksempel tal på slakta dyr eller brukt avløysar. Landbrukskontoret har moglegheit om å retta opp i søknaden din inntil nokon få veker etter 20.januar.

LEVER SØKNAD ELEKTRONISK!

Det er openbare fordelar ved å levera søknad elektronisk. Det har vist seg at dei som søker via data har betre kvalitet i søknadsdata og mindre problem på vegen vidare. Dette har sin grunn i at den som søker elektronisk får ei direkte tilbakemelding om evt feil, og søknad kan rettast opp med ein gong og evt i samarbeid med landbrukskontoret. Det er ei miljømessig fordel å levera søknad elektronisk. Me sparar papir og porto!

På sikt blir det mindre meirarbeid for kommunen om du leverar elektronisk søknad. I brev som blei utsendt straks før jul fekk du skjema og infobrev frå SLF. Der er og ei veiledning for pålogging elektronisk via ALTINN. Bra å ha!

Forsand er bland dei beste i landet på å levera elektronisk søknad, men me kan bli ennå betre!

SØKNAD OM REGIONALT MILJØPROGRAM, RMP

Kommunen er nå ferdig med å retta opp i feil i søknad om RMP 2011. Det er framfor alt tre feil som er vanlege i 2011:

- a) Bratt areal eller areal i Lysefjorden. Her blei det føretatt ny registrering etter oppdatering av gardskart hausten 2011. Difor blir det eit sprek mellom søknad om produksjonstilskot i august og søknad om RMP i oktober og datamaskinen i Oslo har varsla om feil. Nå er dette blitt retta opp så dei nye arealtala blir gjeldande i begge to søknadane. Dei fleste får auka areal denne gongen!

- b) Søkjar har ikkje kryssa for Miljøplan trinn 2. Dette ska enn ha for eksempel når ein har styvingstre, gravfelt, gamalt stølsbygg eller ugjødsla randsone ved verna vassdrag. Kommunen har utført ei kartlegging av dei som har søkt tilskot for vedlikehald av stølsbygg år 2011. Du som har svart på denne kartlegginga for 2011 er godkjent så langt, men du som ennå ikkje har starta på vedlikehalds- eller renovasjons-arbeid bør nok skriva ned ei plan for dette arbeid innfor søknad år 2012.
- c) Søkjar har ikkje kryssa av for ”skjøtselsplan”. Dette ska enn ha for eksempel når ein har dyr som beitar i verna område. Forsand kommune meiner at skjema ”Dyr på beite” (SLF-060 B) er godt nok å bruka i denne samanhangen. Ta kontakt om du trenger hjelp med nyt skjema eller vill utvikla ei skjøtselsplan!

MJØLKEPROSJEKT – GODE RÅD FOR FRAMTIDA!

Mjølkeprosjektet i Ryfylke er nå inne i sit siste år. Du tar vel sjansen å bruka den konsultentsjekk som er sendt ut? Ta gjerne kontakt om du har mjølkebruk og vill ha losing vidare i rådgjevarjungelen!

Fire tilbod frå Norsk Landbruksrådgiving:

1. SPRØYTEKURS

Norsk Landbruksrådgjeving ordnar med plantevernkurs i Haugesund den 24 og 30.januar. Ta kontakt for meir info!

2. INDIVIDUELLE GROVFÓRRÅDGJEVING

Dette er eit spanande tilbod som få stor betydning for din grovfórvling. Det gjeld å få til ei god nok avling av beste kvalitet. Her bør du ta kontakt om du føler at det du har utviklingspotensiale!

3. BYGNINGSRÅDGJEVING

Nyansatt bygningsrådgjevar er Hallgeir Gravelseter på tlf. 971 72 623. Ta kontakt før du bygger!

4. ØKOLOGISK VEILEDNING

Tilbod om økologisk førsteråd eller økologisk rådgjevingsgruppa er eit tilbod for alle interesserte i 2012 og. Noko for deg å vurdere?

SMIL-POSEN PÅFYLLD ETTER NYTTÅR!

Med nyt år får me nye SMIL-midlar til å rydda kulturmark, bygga rensevann, planta lauvtre, restaurera steingjerder, rydda skrot og søppel, styvingstre, utbeta turstiar m.m. Ta kontakt om du vill ha søknadsskjema!

Me har nye friske midlar frå starten av februar. I 2011 var det i stort sett slutt på midlar i mai månad!

VILTNEMNDA

Det blir møte med ny viltnemnd den 27.januar kl 13-15.

Sjå separat infoskriv om du har interesse for viltforvaltning!

INVESTERINGSTILSKOT BEITELAG

Fylkesmannen har overført ein del SMIL-midlar til ei spesielle pott for å gi tilskot til beitelag som har idear for investeringar i heiane. Det er 200.000 kr å søkja om i år.

Søknadsfristen er den 01.april. Landbrukskontoret har skjema!

OBS Beitelag skal til kvar tid sjå til at adresseendring for laget meldast inn til registeret i Brønnøysund.

BONDEKAFÉ

Det blir bondekafé torsdag den 9.februar kl 19.30 på kommunehuset. Sveinung Svebestad, styreleiar i NORTURA kjem for å snakka om marknadsordningane. Sjå annonse i Bondevennen eller plakat oppsette på Forsand! Kaffidrøs som vanleg. Neste bondekafé blir den 22.mars med tema: bondeprosjekt i Kamerun.

OBS Bondelaget melder at det er bondelunsj ved ridebanen annan kvar onsdag med start den 25.januar. Sjå fleire dato på ”Kva skjer?” på kommunen sin hjemmeside!

AKTIVITETSKALENDER

- 20.01 Frist for å søkja produksjonstilskot / avløysartilskot
- 24.01 19.30 Sauemøte om innvollssnyltarar på Vaulali, Bjørheimsbygd
- 25.01 12.00 Bondelunsj ved ridebanen (annan kvar onsdag)
- 01.02 10-15 Fagdagar for landbrukar arrangerast av Klepp Rekneskapslag i Bryne
- 08.02 9-16 Kurs om marknadstenester for matprodusentar i Stavanger
- 09.02 19.30 Bondecafé i kommunehuset
- 14.02 9-16 Smaksverksted med Ryfylkekokken Frode Selvaag på Vikeså
- 14.02 19.30 Innmarksbeite for sau, første kursdag av tre på Ryfylke Fjordhotell
- 16.02 19.00 Innmarksbeite for sau, første kursdag av tre på Gjesdal Bygdehus
- 16.02 10-15 Seminar: ”Bruk av ledige driftsbygningar – trussel eller ressurs for aktiv landbruksdrift?” arrangerast av Fylkesmannen i Stavanger
- 27.02 10-14 ”Kva skal til for å være melkeprodusent fremover?” spanande foredrag om omstilling, leing og økonomi i mjølkeproduksjon på Gjesdal Gjestgiveri
- 03.03 11-16 Kurs i søt gjærbakst på Bergevik Brygge, Lysefjorden
- 20.03 19.00 Årsmøte med Norsk Landbruksrådgiving på Jærbuen Kafé, Nærbø
- 22.03 19.30 Bondecafé i kommunehuset

OBS Til kurs og seminar er det normalt påmeldingsfrist og deltakaravgift. Ta kontakt med landbrukskontoret om du ønskjar meir info!

MINKA PAPIRFORBRUK?

Dette infoskriv er det første som blir utsendt elektronisk. Dei som ikkje har meldt inn e-post-adresse eller har feil i e-postadressen får naturlegvis papirkopi i fortsettinga og.

Til dykk som har e-post:

Du må gi beskjed til landbrukskontoret om du vill endra adressa di, har feil på e-posten eller heller vill ha papirkopi av utsendinga.

Helsing frå

Børje Svensson, leiar landbruk og miljø, tlf: 51 70 01 40 / 47 46 54 78

